

Samisk orddatabase - Arbeidsplan

Table of contents

1 Arbeidsplan.....	2
1.1 Portalen (site-app) 2-3 v.....	2
1.2 Dababasekonvertering (db-conv) 3v.....	3
1.3 Søking (db-app) 4v.....	4
1.4 Redigering (db-app) 5v.....	4
1.5 Infrastruktur og opplæring på Sametinget 4v.....	5

1. Arbeidsplan

Arbeidsplanen er delt opp i fem ulike hovudbolkar, etter dei tre hovuddelane av prosjektet (ein hovuddel, db-app, er delt opp i to ulike arbeidsbolkar), pluss ein del som gjeld infrastruktur. Arbeidsplanen gjeld frå midten av mars 2004, og er på 18-19 arbeidsveker. Noko av arbeidet kan gjerast samtidig, og sluttdato er sett til 15. juli 2004.

Desse bolkane svarar grovt sett til ulike modular. Desse modulane finn ein att i CVS-katalogane, Tomcat-katalogar og i andre samanhengar, og dei har fått korte namn for enkelt å kunna referera til dei. Modulnamna står i parentes i overskriftene nedanfor.

1.1. Portalen (site-app) 2-3 v.

Portalen er den delen av prosjektet som omfattar heile vevplassen *bortsett frå* interaksjon med databasen.

Oppgåve	Arbeidsmengde	Ansvarleg	Merknad
fleirspråksrammeverk	2d	SNM	Mykje er allereie på plass, men noko står att. Eg samarbeider med andre brukarar og utviklarar av rammeverket eg bruker for portalen for å få i stand det som manglar.
språkvalsmeny	3d	SNM	Som over.
føra over samiske dokument frå gamal vevstad	5d	RT	Det kan enklast gjerast ved å kopiera teksten frå den gamle vevstdaden over i redigeringsprogrammet, og deretter gå over og retta teksten
Tilpassa utsjånaden: <ul style="list-style-type: none"> • søkjeboks for databasen • logoar 	2d	SNM	
Finna namn og laga ein logo av namnet	?	ABH/RT	
Sjå over innhaldet i historiedelen og grammatikken	5d	RT	Reorganisera historiedelen i språkhistorie, allmenn historie og

			dialekt-/språkoversikt
Omsetja og skriva eigen historiedel for kvart språk	?	RT	Detaljane diskuterer Risten, Bitte m.fl.
Legg inn samediggi@samediggi.r som e-postadresse	0d	SNM	Kontaktadresse for språkspørsmål

1.2. Dababasekonvertering (db-conv) 3v.

Databasekonverteringa gjeld arbeidet med å konvertera den gamle databasen frå proprietær tekstkoding til Unicode (UTF-8) - dette er allereie gjort - og å konvertera SQL-tabellane til ein passende XML-struktur for ordbøker og terminologi.

Ordboksdelen har lågare prioritet enn terminologidelen, og vil bli laga sist.

Oppgåve	Arbeidsmengde	Ansvarleg	Merknad
Definera ordboksstruktur	2d	SNM	Vi skal berre definera ein rimeleg struktur for den eksisterande basen. Eg legg difor ikkje ned meir arbeid på dette no. Det er dessutan lett å endra strukturen seinare.
Definera termstruktur	4d	SNM	Som over.
Konvertera ikkje-termar: <ul style="list-style-type: none"> no-se se-no 	4d	SNM	Postar i det noverande materialet utan emnekode konverterer eg til ein vanleg tospråkleg ordboksstruktur, i kvar retning.
Konvertera termar	4d	SNM	Eg konverterer alt som har ein emnekode til termbasen. Eg tek ikkje stilling til innhaldet i basen, og dermed heller ikkje om noko faktisk er ein term.
Konvertera klassifasjonssystem	2d	SNM	Heile klassifasjonssystemet bør sjåast over, men det ligg utanfor det eg gjer no. Eg gjer det i

			staden lett å bruka fleire parallelle klassifikasjonssystem, så kan ein leggja til eit betre seinare.
--	--	--	---

1.3. Søking (db-app) 4v.

Søkjedelen omfattar XQuery-skript for å søkja i databasen, og presentasjonen av søkeresultatet, samt eit strukturert og oversiktleg søkjepanel.

Oppgåve	Arbeidsmengde	Ansvarleg	Merknad
Ordbokssøk - xql-skript	1v	SNM	
Termsøk - xql-skript	1v	SNM	
Grensesnitt - hovudkomponentar	2d	SNM	Rammene og toppfeltet
Grensesnitt - søkjefelt	2d	SNM	Feltet lengst til venstre, som inneheld standardfelt for eit spesifisert søk
Grensesnitt - treffliste	3d	SNM	Utsjånaden og layout til trefflista
Grensesnitt - termpost	2d	SNM	Utsjånad og layout til termpostar
Grensesnitt - ordboksartiklar	3d	SNM	Utsjånad og layout til ordboksartiklar

1.4. Redigering (db-app) 5v.

Redigeringsdelen omfattar XQuery-skript og XUpdate-skript for å henta ut og lagra informasjon i databasen, og eit klart og oversiktleg grensesnitt for å redigera og leggja inn tekst. Han omfattar òg ein komponent for å administrera databasen.

Oppgåve	Arbeidsmengde	Ansvarleg	Merknad
Termredigering - XQL	1v	SNM	
Termredigering - grensesnitt	1v	SNM	
Ordboksredigering - XQL	1v	SNM	
Ordboksredigering - grensesnit	1v	SNM	

DB-administrasjon - XQL	3d	SNM	kan truleg baserast mykje på det som kjem med eXist
DB-administrasjon - grensesnitt	2d	SNM	Leggja til nye databasar (ordbøker, termbasar), nye brukarar, tilgangskontroll m.m.
Rapportar for nye ord og redigeringsarbeidet	1v	SNM	GIO treng rapportar om framgangen i redigeringsarbeidet til eksterne medarbeidarar for kvalitetssikring og statistikk.

1.5. Infstruktur og opplæring på Sametinget 4v.

Infrastruktur og opplæring dekkjer installering og oppsett av program som vi treng i prosjektet, og opplæring i å bruka dei.

Oppgåve	Arbeidsmengde	Ansvarleg	Merknad
Installera redigeringsprogram (XXE + Java)	1d	LÅH	Program for å redigera tekstar som ligg i portalen (t.d. grammatikktekstar, historikk, m.m.). Vi bruker XXE .
XML-kurs med redigeringsøvingar	3d	SNM	Dette er eit kurs i å redigera <i>tekstar</i> som skal finnast i portalen, til dømes grammatikkar, historikk eller andre emne som de vil leggja ut. Det er <i>ikkje</i> eit kurs i å redigera termar og ordbøker, det kjem seinare.
Installera CVS-servar og oppretta eit CVS-repositorium (-base)	2d	RA, LÅH, SNM	Vi må diskutera korleis vi skal handtera versjonskontroll, og kor eitt evt. repositorium skal liggja. No har eg installert ein CVS-servar og laga eit repositorium på

			servaren for ordboksportalen, men det er korkje bra for responsen til portalen, eller tryggleiken til CVS-basen og tekstane våre.
Ekstern tilgang til serverar	2d	RA, SNM	Det må snart vera mogleg å nå servaren og ordboksportalen frå utsida.
Installera CVS-klient, og gje opplæring	3d	LÅH, SNM	Eg ser for meg at LÅH har hovudansvaret for alt som gjeld CVS. Det må vi sjølvsagt diskutera.
Tilpassa XXE: <ul style="list-style-type: none"> • tabellredigeringa må bli enklare 	1d	SNM	Vi kan kopiera ein modul for å redigera tabellar frå XHTML-modusen til XXE.
Installera lokal Forrest for testing	3d	LÅH, SNM	Det kan vera greidt å sjå resultatane av endringane og oppdateringane før dei blir lagt ut på vevstaden. I tillegg vil all tekst bli parse og dermed sjekka for syntaksfeil og visse andre feil. - CVS-rep. og server ligg og her. Eigen lokal server på GIO.
Redigeringskurs	3d	SNM	Eit innføringskurs for å læra det nye redigeringsystemet
Teknisk opplæring	3d	SNM	Kurs for LÅH, RA (m.fl. ?) i Forrest, Tomcat, eXist (Apache?) og serveroppsettet.